

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Engerdal.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Engerdal.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Per Nyhus, f. i Engerdal 1871. Bonde og skomakar.

Reodor Wardenær, f. i Engerdal 1921. Førr.förar i Trygdekasse.

Ola Nygaard, oml. 60 år. Bonde og pensjonatvert.

## SVAR

1. Det som ligg innanfor skigarden, kallar ein jordet. Det som vert nytta til slått utanfor skigarden heiter utslätte.

Ordet ekre er kjent men ikkje nytta. Ein nyttar orda venning og attlaue.

Attlaue er gamal åker som er ~~killsådd~~ tilsaad med grasfrö. Venning er plögd grasmak, sjölve plögsla, dessutan ~~denxtills~~ denneaakeren naar den er tilsaad med grasfrö. Fjorvenninga er det same som försteaars eng.

Grasmak vert kalla töe (ei).

Höyet som voks paa töa vart kalla töhöy eller fröhöy. Ein sa nesten alltid: Har du slått töa? Höy frå enger (utslätter) heitte engehöy. Elles ikkje noko sers namm på utslätt-höyet.

Av utslätter var det fleire slag: enger, bekkeslått og myrer. Det var lægjet og dermed til ein viss grad jordsmonnet og grasvoksteren som laga skilnad. Enga låg oftast etter elva, var inn gjerd med ikkje vend.

I 1874 var det utskiftning i Engerdal. Kvar gard fekk seg da tillagt "rönningssland" på flaten innunder lia, ofte svært langt frå garden. Dette er seinare rydda og tatt i bruk, men har aldri vore nytta som utslätter. Det har ikkje vore vanleg å rydde utslätter i hardbakke, slik som i Trysil.

2. Kvist rydda ein bort frå töa og frå gode slätter som ikkje låg altfor langt unna. Det vart oftast gjort om våren.

Dungane kalla ein "brättä", "brättähaug".

Det var ikkje noko serleg namm på sjölve arbeidet,

Ryddde kvist kanskje.

Kvisten vart enten kasta på elva eller brend inne på stykket som ein skulle rydda.

Oska vart sjölvsagd spreidd, men det var ikkje for å få gjödsel at ein brende inne på stykket.

Steinen var det så ymis med. Ein freista få bort det ein rådde med på jordet. På utslåtter vart det ikkje rydda bort stein.

- 3. Mose på jordet fekk ein bort med plögjeing. I utslåttene vart det ingenting gjort med mosen.
- 4. Dei gröfte jordet med ikkje utslåtter. Det er ting som t tyder på at dei var redd gröftinga; såleis la dei sætervollen ~~laxt~~ langt oppe i fjellet og ikkje nede på myra der det var vilkår for å få ein fin sætervoll.

Det var vanleg å gjödlse utslåtter med overvatning. Dei hadde dammar i bekken og gröfter utover slåtta. Utslåtta kunne og verta sett heilt under vatn. Slik vart det gjort med Kuhölet ved Hovdsetra. Vatnet vart der sett på om hausten eller tidleg på våren, stod så heile ~~nesten~~ sommaren og vinteren til neste år då det vart tappa bort. Det voks stör her. Den treng lang veksetid, difor var det slått bare annakvart år. Stören slo dei så seint på hausten at stakkane til kvinnfolka spekte (fraus). Det var Brenngarden og Slettmoen som åtte denne slåtta.

- 5. Det har vore vanleg å gjödlse jordet men ikkje utslåttene. Det var heller ikkje alltid at heile jordet vart gjödsla kvart år, jamt over kan ein vel seia at kvar del av jordet fekk gjödsel annakvart eller tredjekvart år.

Det har vore slik så langt attende som folk kan minnast.

Omlag 2/3 av vintergjösla vart nytta til töa, resten til åkeren.

Det var serleg kugjösla som vart breidd på töa. Sauemökka vart rekna for sers god; den nytta dei i potetreka (fora) etter at poteten var sett. Det vart gjort for å spapa på henne. Sauene gjekk på mökka heile vinteren. Om våren grov dei henne ut, hakka henne sund og let henne brenna. Det vart gjort for at ho skulle verta frön (möyr) og for at ugrafröet skulle drepast.

Det var ikkje noko mål for kor sterkt ein skulle

gjödsle enga. Åkeren, som fekk sitt først, skulle ha 20 lass på målet.

6. Gjödsla grasmærk kallast enten töe eller fröjordet. Höy frå töa eller fröjordet kallast enten töhöy eller fröhöy.

7. Ukjent at husa vart plasert slik at det skulle siga frå dei og ned på töa.

Siget frå mökkedungen eller -kjellaren kallast tregg (ein).

Det var vanleg å grava gröfter for å få treggen betre utover. O. N. kan hugda at han som gutunge vart sett til å bera ut treggen i bötter eit år. Det vart svært med gras der den kom.

Ukjent at åkeren vart plasert slik at det skulle siga frå den ned på töa.

8. Gjödsla vart kjørt ut på vinteren. Første turen tok dei på første snöen, neste turen noko seinare. Dei grov holer i snöen og la gjödsla der i svært små haugar, 3 haugar på lasset. Haugane var så små fordi gjödsla skulle frysa betre og verta meir frön. Då var ho lettast å breia. Dei köyrde ut med sla. Lesing og breiing vart gjort med treruku eller spade til kring 1890 då greipet kom. Etterpå kjörde dei med mökkesloen og raka innpå att 2-3 gonger. Ein kunne og bruka rissloen. Den turre knarten vart så raka ihop og kjörd bort.

Nå brukar dei horv. Sume kallar den for mökkeslo, andre for moseharv. På sætra er rissloen i bruk ennå.

9. Det var vanleg å beite jordet opptil eitpar viker straks dei slepte, för det var noko beite utatell. Det var ikkje med tanke på gjödslinga dei beitte töa i denne tida.

Det var ikkje deler av jordet som aldri vart beitt. Det var ikkje skilnad på kva deler av jordet som var beitt om våren og kva for beite som tatt om hausten.

Beitinga utanfor skigarden var regulert ved skrivne avtaler. I tida 10.juni - 20.sept. var det bare hesten som fekk beita heimemarkar (lia). 10.juni er difor ~~instituert~~ instituert som buföringsdag. Eina kan dra tidlegare, men ikkje seinare. Dersom ein hadde krötera heime etter den tid eller kom heim för 20.sept., måtte dei gå på jordet.

Bygda var og (stort sett) er delt i 2 säterlag.

Det eine nyttar Sörvollsætra som vårsæter og Hovde-  
 sætra som haustsæter, medan det andre er på Nordvollsætra  
 om våren og Bergesætra om hausten. Opphavleg var det  
 fastlagt ved skriven avtale at ein sku le flytte frå  
 vårsætra til haustsætra 12.aug; men fordi krötera på  
 Sörvollsætra hadde lett for å koma inn på beitet til  
 Bergesætra, vart flyttinga frå Sörvollsætra sett fram  
 til 12.juli. Dei gjorde det då slik der at dei flytte  
 attende til Sörvollsætra 1.sept. og drog heim like  
 etter 20.sept. - Dei som låg på Bergesætra om haus-  
 ten, drog tilbake til Norvollsætra kring månadsskiftet  
 sept.-okt. og var der til snöen kom. Den förste tida  
 P.N. minnest drog dei då beinveges frå Bergesætra til  
 Nordvollsætra; seinare har det vore vanleg å leggja  
 turen om bygda og beita av jordet.

Sæterlaget Nordvoll-Berge kom på det viset til  
 ikkje å beite heimemarka, i allfall ikkje noko større.  
 Det var serleg Sörvoll-Hovde som nytta den. Nordvoll-  
 Berge beitte ikkje jordet om hausten opphavleg, nå  
 gjer dei det på turen tilbake til Norvoll.

Denne sæterflyttinga var laga slik av omsyn til  
 slåttene på utslåttene som stort sett låg i beiteom-  
 rådet til sætrane (dersom då ikkje årsakstilhövet  
 er det stikk motsette). Medan krötera var på vår-  
 sætra, måtte ein halda gjætar for å halda krötera  
 borte frå utslåttene der. I denne tida slo dei ut-  
 slåttene på haustsætra, drog så mot vårsætra og slo  
 av der medan krötera var der. Når krötera var på  
 haustsætra, slo dei engene og jordet. Denne gangen i  
 slåttene vart ikkje nemneverdig skipla av at flyt-  
 tinga frå Sörvoll til Berge vart sett fram. - ~~ixdx~~  
 Fordi utslåttene kring haustsætra avr slått i den  
 tida krötera var der, trong ein ikkje ha gjætar til  
 dei.

Nå er systemet med vår- og haustsæter skipla.  
 Det er to grunnar til dette. For det förste förte  
 ekspansjonen i bygda til at sætrar på Sörvoll vart  
 tatt i bruk for fast busetjing. Såleis var Sæter  
 (gr.nr.14, br.nr. 23) för sæter under Brenngarden.  
 Eldste sonen der slo seg ned på vårsætra og fekk  
 haustsætra som sæter, medan den gamle garden vart  
 utan. Den andre grunnen til omskiftet var at grunn-  
 laget for flyttinga fall bort når dei slutta å

nytta utslåttene. Vi får då ein tendens til å konsentrera seg om ein sæter. Desse to grunnane fører til same praktiske resultat.

Dei gardane som vart utan ~~fx~~ sæter fordi vår-sætra ~~xxxx~~ fekk fast busetjing, kjøpte ofte sæter i Veundåsen, ei sætergrend som før hadde høyrte rendölene til. Det same gjorde nye bruk i bygda som ikkje hadde sæterrett (t.d. O.N.). Tendensen til å konsentrera seg om ein sæter har og ført til at folk har selt den delte sæterretten som og kjøpt sæterrett i Veundåsen.

På Sörvollsætra er det nå fast busetjing og sæterdrift vegg i vegg mest.

10. Som nemnt er det nå ein tendens til å konsentrera seg om ein sæter. Det er (kanhende) ei fylgja av at det vart slutt å slå på utslåttene. Det er ennå ikkje vanleg å beita jordet. Eg (A.R.) såg at grannen til O.N. gjorde det og spurde om det var vanleg nå. Han svara nei. Eg såg heller ingen andre som beitte jordet. Ein av dagane eg var der på pensjonatet, drog dei til sæters med buskapen. Etter som eg skjöna hadde den stått inne til då. Dette var vel 12.juni.
11. Dei slo ut rukene med eit greip. Det gjekk vanleg ein dag til dette.
12. Samalt var det ikkje vanleg å ha sommarfjös, i den tida krötera ikkje var på sætra, overnatta dei i vinterfjöset. Etter at dei tok til med ein sæter og fekk meir beiting av heimebeite, er det nokre som har sett opp sommarfjös. Det står i skigarden. Det har ikkje vore vanleg å setja sommarfjös ved utslåttene.
- 13-18 ukjent.
19. Kve vert ikkje sjeldan brukt om inngjerd, oppdyrka stykke mark utanfor skigarden. Trö (ei) vert og brukt om dette, dessutan om den inngjerde slåttemarka på sætra og om inngjerdinga utanfor fjösdöra. Dersom ei jote vert inngjerd og oppdyrka, så heiter den likevel jota.  
Stö kjent i samansetjinga båtstö, ikkje elles.  
Dei andre orda ukjent.
20. Dei hadde inngjerd slåttemark på sætra. Den heitte sætertröa eller sætervollen. Dette har vore så i manns minne.  
Det går ikkje tilbake korkje med sæterbruket eller

sæterslåttén, men det har vore ei omlegging~~x~~ av bruks-  
måten (sjå ovanfor 9).

Sætertröa vert gjödsla på same måten som jordet heime  
og med dei same reidskapar, men det kan vel hende at  
risslo vert brukt oftare der enn heime.

21. Dei tok vel vare på oska og nytta den til gjödsel,  
men det vart ikkje store mengder av den. Den brukte dei  
og til å tine snöen med.